



30. april 2009

## SKYSS TEK GREP I SUNNHORDLAND

**Skyss vil frå 1. mai legge om fleire sentrale bussruter i Sunnhordland. Endringa skjer først og fremst for å sikre eit betre og meir stabilt tilbod for alle som nyttar buss til og frå skule og arbeid. – No er det viktig at reisande sjekkar sine ruter og gjer seg kjende med endringane, seier direktør Oddmund Sylta i Skyss.**

Skyss tok over ansvaret for kollektivtrafikken i kommunane Fitjar, Stord, Bømlo og Sveio frå 1. juli i 2008. Til tross for fleire rutejusteringar har ein ikkje klart å gjere tilbodet tilfredsstillande. – Men no har vi har fått oversikt over kvar utfordringane er størst, og da kan vi gjøre dei endringane som er nødvendige, seier Sylta. Skyss lovar no at så langt som det er praktisk mogleg skal alle reisande no kunne kome seg på jobb eller på skule som planlagt. Det er lagt ut detaljert informasjon om endringane på [skyss.no](http://skyss.no).

### Tar kritikken på alvor

Sunnhordland er trafikalt ein av dei mest utfordrande regionane i landet. Bussrutene skal korrespondere med båt og med ferje, og ofte kan få minutters forseinkingar få store utslag for dei reisande. - Dette visste vi, men innkjøringsproblema har vore langt større enn vi trudde dei kom til å bli, seier Sylta. – Vi forstår godt at folk som fleire gangar i veka har opplevd store forseinkingar både vert utolmodige og irriterte. Men for oss har kritikken også vore til nytte. Den har hjelpt oss i arbeidet med å bygge om rutesystemet for å gjøre det meir tilpassa dei lokale tilhøva og behova til dei reisande, seier han.

### Prioriterer skule- og arbeidsreiser

Endringane gjeld alle typar reiser, men Skyss har jobba særskilt med rutene som nyttast i samband med reise til skule og arbeid. Dette er gjort i tett samarbeid med dei reisande sjølve, og ikkje minst saman med Concordia og deira sjåførar. Skyss har mellom anna hatt møte med foreldreråd. Det har ført til betre tilpassa ruter og endringar for å sikre at sjåførane skal kunne halde rutene slik dei er meint.

### Informasjon og service

Det Skyss ikkje kan garantere, er forseinkingar som skuldast hendingar som køar og trafikkuhell. – Men det vi skal bli betre på er informasjon til passasjerane når slike ting skjer, seier Sylta.

Sylta ber likevel om forståing for at det ikkje alltid er lett for sjåførane å vite kva som til ei kvar tid skal prioriterast. – Om ei ferje er nokre minuttar forseinka, skal sjåføren kjøre til oppsett tid sjølv om han veit at det kjem reisande frå ferja? Vi trur at mykje handlar om god kommunikasjon mellom sjåfør og passasjerar i slike høve, meiner Sylta.

**Vil ha tilbakemeldingar**

- Vi vågar å tru at vi med desse endringane har lagt dei fleste problema bak oss, seier Oddmund Sylta. – Men vi kan ikkje bli betre utan at vi får tilbakemeldingar om det som ikkje fungerer. Vi ber derfor publikum om å vere ekstra merksame og gi oss melding dersom det er noko som ikkje er som det skal. Får vi vite om avvik som vi kan gjere noko med, så lovar vi at dette skal rettast snarast råd, seier Sylta.

---

**For meir informasjon, kontakt:**

Direktør Oddmund Sylta: telefon 932 30 401 / 55 23 93 94. E-post: [os@skyss.no](mailto:os@skyss.no)

Marknadssjef Målfrid Vik Sønstabø. Telefon 916 53 176 / 55 23 90 34. E-post: [mvs@skyss.no](mailto:mvs@skyss.no)